

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF  
**DATO:** 21.10.2019  
**SAKSHANDSAMAR:** Terje Arne Krokvik  
**SAKA GJELD:** **Inntektsramme 2019 - styrking av ramme til helseføretaka**

**ARKIVSAK:** 2019/6180  
**STYRESAK:** 111/19

**STYREMØTE:** 07.11. 2019

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret fordeler 20,7 mill. kroner ekstra til helseføretaka si basisramme i 2019 for å avhjelpe den økonomiske situasjonen. Dette gir følgjande auke i basisramma til helseføretaka i mill. kroner:

Helse Stavanger	5,9
Helse Fonna	3,4
Helse Bergen	8,5
Helse Førde	2,5
Haraldsplass	0,7

## Oppsummering

Helseføretaka har ein utfordrande økonomiske situasjon i 2019. Alle helseføretaka har eit negativt resultatavvik pr. september med unntak av Sjukehusapoteka, Helse vest IKT og Helse Vest RHF.

Det er fleire forhold som skaper usikkerheit, mellom anna høgare medisinkostnader, innføring av LIBRA (nytt økonomi, innkjøp og logistikksystem) samt innføring av fleire tunge regionale ikt system som Dips Arena, Elektronisk kurve/Meona, Media-arkiv/bilettdiagnostikk og Alle møter.

Administrerande direktør ser det derfor som hensiktsmessig å avhjelpe denne situasjonen til ein viss grad ved å fordele 20,7 mill. kroner til helseføretaka med utgangspunkt i inntektsmodellen. Midla skal dekkast inn gjennom ein tilsvarande reduksjon i reserven i RHF-et.

Administrerande direktør vurderer det slik at det framleis er realistisk at RHF-et isolert sett opprettheld prognosen for årsresultatet som er rapportert i Verksemdsrapporten for september månad.

## Fakta

Helseføretaka hadde ved inngangen til 2019 ein krevjande budsjettsituasjon. Det har vore ein tiltakande innstramming i budsjetta dei siste åra. For å handtere denne situasjonen samt ta ned risikoen i forhold til resultatoppnåing, har Helse Vest RHF i budsjettoplegget for 2019 innarbeida ein reserve på 148 mill. kroner.

Utviklinga i resultatet pr. september viser at helseføretaka ligg etter budsjettet, med unntak for Sjukehusapoteka og Helse Vest IKT samt Helse Vest RHF. Helse Bergen og Helse Fonna rapporterer no ein resultatprognose som kvar for seg er 20 mill. kroner lågare enn budsjett. Det er og usikkerheit i resultatprognosen til dei andre helseføretaka.

Det er fleire forhold som spelar inn i resultatutviklinga så langt i år. Mellom anna er det høgare medisinkostnader. I tillegg er det ekstra kostnadspådrag knytt til innføring av LIBRA.

Administrerande direktør vil derfor tilrå at ein no brukar 20,7 mill. kroner av reserven i RHF-et til å handtere deler av usikkerheita som ligg i resultatoppnåinga til helseføretaka. Midla blir føreslått fordelt til helseføretaka med basis i inntektsmodellen.

Dette vil gje følgjande auke i basisramma til helseføretaka i 2019 i heile mill. kroner:

Helse Stavanger	5,9
Helse Fonna	3,4
Helse Bergen	8,5
Helse Førde	2,2
Haraldsplass	0,7

I budsjettprosessen for 2020 vil ein ta stilling til nivå på reserve og resultatkrav fram til desembermøte.

### **Konklusjon**

Administrerende direktør tilrår at det blir fordelt 20,7 mill. kroner til helseføretaka si basisramme. Fordelinga blir gjort med utgangspunkt i inntektsmodellen.